

Fv. 61, gang - og sykkelveg Tunheim

Reguleringsendring, Vanylven kommune

Samanstilling endringar

Planomtale og føresegner



Møre og Romsdal
fylkeskommune

0 Kort om bakgrunnen for reguleringsendringa

Vanylven kommune vedtok i 2014 ei reguleringsplan for gang – og sykkelveg, samt breiddeutviding av fv. 61 på Tunheim.



Bilde 1: Utsnitt som syner gjeldande reguleringsplan og gjeldande kommuneplan

Då Statens vegvesen i 2018/19 skulle utarbeide byggeplan for prosjektet, syntet seg at det ville bli naudsynt med meir areal for å kunne bygge fleire av avkøyrslane, samt at det i reguleringsplanen ikkje var sett av areal til anleggsbelte. Bruken av gang – og sykkelvegen til kombinert tilkomstveg og gang-/sykkelveg måtte også opp til ny vurdering.

Møre og Romsdal fylkeskommune og Vanylven kommune vart derfor samde om å melde oppstart av reguleringsendring for eksisterande plan etter plan – og bygningslova §§ 12-14.

Som ein del av denne reguleringsendringa er både planomtalen og planføresegnene endra.

For å illustrere kva som er endra, har vi lagt inn både gamal og ny tekst i ein tabell (sjå under) slik at det i høyringsperioden og under politisk handsaming skal vere lett å sjå kva som er endra.

0 Kort om bakgrunnen for reguleringsendringa	2
1. Planomtale	4
INNLEIING	4
INNLEIING	4
GRUNNLAG OG MÅL	4
GRUNNLAG OG MÅL	4
OMTALE AV PLANOMRÅDET	5
OMTALE AV PLANOMRÅDET	5
VURDERING AV INNSPEL VED OPPSTART AV PLANARBEID:	6
SAMANSTILLING OG VURDERING AV INNSPEL VED OPPSTART AV PLANARBEID 2021:	6
OMTALE AV PLANFORSLAGET	7
OMTALE AV PLANFORSLAGET	7
VURDERING AV ALTERNATIVE AVKØYRSLER	8
UTGÅR	8
2. Risiko – og sårbarhetsanalyse (oppdatert når det gjeld emnet naturgitte forhold)	8
Emne	8
Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	8
Nei	8
Ja	8
Naturgitte	8
forhold	8
Omgivnad	8
Verksemd-risiko	9
Brann-/ulykkes-beredskap	9
Infrastruktur	9
Kraftforsyning	9
Sårbare objekt	9
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk?	9
Ulovleg verksemd	9
3. Føresegner	10
§ 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. 12-5 nr.2)	11
§ 5 Landbruks-natur – og friluftsføremål og reindrift (pbl. §12-5, nr.5)	13
§ 6 Omsynssoner (pbl. § 12-6)	13
§ 7 Områdededtekte (pbl.12-7 nr.1)	14

1. Planomtale

OPPHAVELEG PLAN	PLANENDRING
INNLEIING	INNLEIING
Gang - og sykkelveg langs fylkesveg 61 på Tunheim er eit prioritert prosjekt i kommunen og i Møre og Romsdal fylke sitt planprogram. Grunneigarar i området har lenge etterlyst ei trafikkisikker løysing for gåande og syklande og vegvesenet vil ha felles avkøyrser ved frådelling av nye bustadtomter. Kommunen har sjølv utarbeid denne detaljplanen for å løyse problemstillinga og for at tiltaket kan setjast i gong når økonomiske midlar er på plass.	Det er behov for å endre gjeldande reguleringsplan frå 2014 for å få på plass tilstrekkeleg areal til anleggsbelte og til ei omlegging av nokre avkøyrslar. I oppstartsmøte med Vanylven kommune den 15.okt.2021 blei det semje om at ein går for reguleringsendring etter PBL § 12-14.
GRUNNLAG OG MÅL	GRUNNLAG OG MÅL
<i>Saksnummer:</i> 2009/670 og 2014/25 (etter 1.1.12)	<i>Saksnummer:</i>
<i>Lovgrunnlag:</i> PBL av 2008, kap.12	<i>Lovgrunnlag:</i> PBL 12-14
<i>Vedtatt:</i> Sak 36/14 den 20.05.2014	<i>Vedtatt:</i>
<i>Varsel om oppstart:</i> Utført	<i>Varsel om oppstart:</i> 29.oktober 2021. Synfaring med grunneigarar 4.nov.2021
<i>Tiltakshavar:</i> Vanylven kommune	<i>Tiltakshavar:</i> Møre og Romsdal fylkeskommune
<i>Planprogram:</i> PBL §4-1. Ikkje nødvendig då det ikkje har negativ verknad for miljø og samfunn.	<i>Planprogram:</i> Ikkje endra.
<i>Planens formål:</i> Gang – og sykkelveg, kombinert med felles tilkomst for bustadtomtene/gardsbruka i området og breiddeutviding av fylkesvegen. Oppgradering av eksisterande busslommer	<i>Planens formål:</i> Ikkje endra.
<i>Hovudinnhald:</i> Trafikktrygging	<i>Hovudinnhald:</i> Ikkje endra.
<i>Verknader:</i> Tryggare ferdsel for gåande og syklande frå Tunheim til Fiskå- Færre og betre utforma avkøyrslar til eigedomane	<i>Verknader:</i> Ikkje endra.

<p>ovanfor vegen. Auka vegbreidde for betre trafikktryggleik</p>	
<p><i>Forhold til kommuneplan og reguleringsplan:</i> Tiltaket er i samsvar med ny kommuneplan. Det er ikkje andre reguleringsplanar i området.</p>	<p><i>Forhold til kommuneplan og reguleringsplan:</i> Tiltaket vil med nokre tilpassingar vere i samsvar med arealformålet både gjeldande kommuneplan (planid: 1511001) og gjeldande reguleringsplan (plan id: 200901). Det er desse tilpassingane som gjer det naudsynt med reguleringsendring.</p>
<p>OMTALE AV PLANOMRÅDET</p>	<p>OMTALE AV PLANOMRÅDET</p>
<p><i>Områdeavgrensing:</i> Lengde 600 m. Breidde 15-40 m. Areal ca. 14000m². Området går langs eksisterande fylkesveg 61, frå gnr. 16 bnr. 14 til 17/14. Breiddeutviding av fylkesvegen kjem inntil 1,5 m på nedsida av vegen, medan areal for g/s-veg og nye avkøyrslar er på oversida av vegen.</p>	<p><i>Områdeavgrensing:</i> Utvida mot nord, elles uendra.</p>
<p>Grunneigarar: Sjå plandokument i sak 36/14 frå 2014.</p>	<p>Eigendomar som er omfatta av reguleringsendringa: Gnr. 16 bnr. 14, 20, 23, 24, 29, 56, 61, 73, 106, 122, 123 Gnr.17 bnr. 3, 12, 15</p>
<p>Planområdet ligg på Tunheim, 1,9 km sør for Fiskå sentrum, langs fylkesveg 61 mellom Eidså og Sylte i Vanylven – som også er gjennomfartsveg vidare til kommunane Selje og Vågsøy i Sogn og Fjordane. Busetnaden ligg som tidlegare langs vegen og dyrkajorda ligg i eit samanhengande breitt belte med lageleg helling frå vegen til sjøen. Landskapet er opent, med godt utsyn til fjorden. I tillegg til gjennomgangstrafikk er det mykje lokal trafikk til bensinstasjon/motell. Avstand til barneskulen er under grensa for fri skuleskyss (2 km) til og med Tunet på gnr. 17 bnr. 3. Utanfor planområdet er det g/s-veg eller mindre trafikkert kommunal veg heilt til skulen/Fiskå sentrum. Planen gjeld derfor siste del av strekninga som ikkje er trygg for mjuke trafikantar. Høgdeforskjell og sving gjer at siktforholda er dårlege der gangvegen sluttar i dag, ved gnr.16 bnr. 14. Resten av strekninga er rett og meir oversiktleg, med fartsgrense 60 km/t – men noko med 80 km/t. Ovanfor vegen er det no 7 bustader med 5 avkøyrslar. Det er interesse for fleire bustader, men det krev felles avkøyrslar.</p>	<p>Ikkje endra.</p>

<p>Fylkesvegen er ca. 5 m brei på strekninga, medan vegnormal tilseier at det bør vere 6, m.</p>	
<p>VURDERING AV INNSPEL VED OPPSTART AV PLANARBEID:</p>	<p>SAMANSTILLING OG VURDERING AV INNSPEL VED OPPSTART AV PLANARBEID 2021:</p>
<p>Sjå plandokument i sak 36/14 frå 2014 for å sjå innspela som kom i 2010.</p>	<p>NVE sender eit standarsvar der dei seier at kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar 2/2017 «<i>Nasjonale og vesentlege regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging</i>». Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. <i>Merknad tatt til orientering.</i></p> <p>Statens vegvesen: Har ingen merknader til at det vert starte planarbeid i samsvar med oppstartvarselet og forutsett av normalkrava vert lagt til grunn for planlegginga. På grunn av bratt terreng på nordsida av fv.61 må planarbeidet ha stor fokus på avflating av avkøyrslar der dei kryssar gang – og sykkelvegen. I gjeldande reguleringsplan er det ikkje regulert gangsamband til busslomma på sørsida av fv. 61 frå bustadklynga rundt bensinstasjonen. Det er heller ikkje regulert plattform som vil vere naudsynt for å sikre universell utforming eller vurdert kryssingspunkt over fv.61. For å sikre ein trygg og universelt utforma tilkomst til busslommene, bør dette vurderast nærare i samband med planendinga. Vidare bør det vurderast nærare å utvide planområdet austover slik at ein også får med ei oppgradering av busslomma og gangtilkomst sør for gnr. 17 bnr. 14.</p> <p><i>Vurdering: Denne reguleringsendinga tek berre for seg endringar i avkøyrslar og lineføring på g/s-vegen på nordsida av fylkesvegen innanfor meldte planavgrensing. Det er ikkje i mandatet å vurdere kryssingspunkt over fv.61, eller å utvide planområdet sørover. Haldeplassane på nordsida vil halde seg til gjeldande norm.</i></p>

	<p>Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: Har ingen merknader til melding om oppstart ut frå sine ansvarsområde.</p> <p><i>Merknad tatt til orientering.</i></p>
OMTALE AV PLANFORSLAGET	OMTALE AV PLANFORSLAGET
Gang – og sykkelvegen får ei breidde på 4 m då den også skal fungere som tilkomstveg.	Gang – og sykkelvegen får ei breidde på 2,5 m + skulderbredde på 25 cm på begge sider. Der den i tillegg skal fungere som tilkomstveg får den ei breidde på 3,4 m + skulderbredde 25 cm på begge sider.
I tillegg kjem grøfter. Unntaket er der ein går nærare vegen av omsyn til hage/bustad, som vert utan grøft.	Ikkje endra
Utviding av fylkesvegen vert frå ca.5 m i dag til 6,5 m køyrebreidde. I tillegg kjem nødvendige grøfter på 1,5 m i dagbreidde.	Ikkje endra.
Det er 3 busslommer i området, ei ny og to eksisterande som med dette vert oppgraderte til dagens norm med lengde og djupne for veg med fartsgrense 60 km/t.	Ikkje endra. Tillegg: Haldeplassen lengst aust har standard for fartsgrense på 80 km/t.
Ønska fartsgrense i heile området er 60 km/t. Det medfører flytting av 80-sona til ca. 150 m austover. Grunnen til dette er mykje lokal trafikk i området, spesielt i tilknytning til bensinstasjonen. Dette må avgjerast etter skiltforskriftene i eigen søknad.	Ikkje endra.
Det ligg leidningar både i grunnen og i luftspenn der gang – og sykkelvegen skal ligge og flytting av desse må påreknast når arbeidet tek til. Dette gjeld kommunens, Telenor og Tussa sine leidningar, samt ein privat septiktank ved 17/3.	Ikkje endra.
Byggegrenser etter veglova (50 m frå vegmidte) gjeld, men vert utanfor området og er ikkje markert i kartet	Ikkje endra.
Trafikktryggleik: G/S-vegen skal vere ei naturleg line å følgje for dei mjuke trafikantane. Det naturlege kryssingspunktet over fylkesvegen er samanfallande med avkøyrsla ovanfor bensinstasjonen og ligg på den mest oversiktlege strekninga.	Ikkje endra
Kryssing ved busslommene er som i dag risikoutsett, og ein må spesielt unngå sikthindringar i dette området	Ikkje endra.
G/s-vegen ender i ei busslomme mot aust, som kan vere ein fordel med tanke på sikkerheit – framfor å ende rett ut i fylkesvegen. Restane av den gamle hovudvegen som går mellom tuna vidare	G/S-vegen ender i aust i avkøyrsele til gnr. 17 bnr. 14.

austover kan nyttast av dei som bur i området. Dersom grunneigar ønsker det, eller terrenget tilseier det, skal forstøttingsmurar settast opp i tillegg eller i staden for vegskråning.	
VURDERING AV ALTERNATIVE AVKØYRSLER	UTGÅR
Sjå plandokument i sak 36/14 frå 2014	Det oppdaterte reguleringplankartet syner korleis avkøyrslane er tenkt plassert.

2. Risiko – og sårbarheitsanalyse (oppdatert når det gjeld emnet naturgitte forhold)

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

<i>Emne</i>	Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
<i>Naturgitte forhold</i>	a Er området utsett for snø - eller steinskred eller større steinskred? Det er utarbeida ein skredrapport som konkluderer med tryggleikskrava i TEK17§ 7-3 er tilfredsstilt for tryggleiksklasse S2. Det er derfor ikkje behov for å gjere avbøtande tiltak for skred i høve til gang – og sykkelvegen. Rapporten ligg ved.	x	
	b Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?	x	
	c Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)? Basert på utførte grunnundersøkingar er det dokumentert at det stort sett er faste moreneavsetningar av sand og grus med innslag av silt utanom eit hummushaldig topplag på omtrent 1 meter. Dette topplaget skal masseutskiftast og utgjør ikkje ein fare for utgliding, men kan føre til setning- og teleproblematikk om det ikkje vert fjerna før bygging	x	
	d Er området utsett for flaum / flaumskred	x	
	e Er det registrert radon i grunnen?	x	
	f Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	x	
	g Er området sårbart for ekstremver/stormflo	x	
<i>Omgivnad</i>	h Anna (spesifiser)?	x	
	a Regulert vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	x	
	b Naturlege terrengformasjonar som utgjør spesiell fare(stup etc.)?	x	

	c	Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggande område?	x	
	d	Anna (spesifiser)?	x	
<i>Verksemd-risiko</i>	a	Omfattar området spesielt farlege anlegg?	x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.) utgjere ein risiko for området? Like ved området ligg det bensintankanlegg, med potensiell eksplosjonsfare. Reguleringa vil føre til auka trafikktryggleik og dermed mindre fare for hendingar i området.		x
<i>Brann-/ulykkesberedskap</i>	a	Har området tilstrekkeleg sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskøyretøy?		x
<i>Infrastruktur</i>	a	Er det kjente ulykkespunkt på transportnettet i området? Området inneheld fleire trafikkfarlege punkt og det har vore fleire tilfelle av utforkøyringar. Plana vil auke trafikktryggleiken.		x
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø – og luftfart utgjere ein risiko for området?	x	
	c	Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - Til skule/barnehage? - Til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?	x	
	d	Er det transport av farleg gods til/gjennom området? Generell transport langs fylkesvegen. Bensinstasjon like ved.		x
<i>Kraftforsyning</i>	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	x	
<i>Sårbare objekt</i>	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området? - elektrisitet? - vassforsyning - renovasjon/spillvatn?	x	
	b	Er det vassforsyning/drikkevatt i området?		x
	c	Er det spesielle brannobjekt i området?	x	
	d	Er det omsorgs – og oppvekstinstitusjonar i området?	x	
<i>Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk?</i>	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	x	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering ?	x	
	d	Anna (spesifiser)?	x	
<i>Ulovleg verksemd</i>	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje - /terrormål?	x	
	b	Finst det potensiell sabotasje - /terrormål i nærleiken?	x	

Sjekklista er gjennomgått den/.... av sign:

3. Føresegner

	Opphavelg plan	Planendring
PlanID	1511200901	1511200901
Saksnummer	2009/670 og 2012/25	
Dato godkjent kommunestyret	20.05.2014 i sak 36/2014	

§1 AVGRENSING

Opphavelg plan	Planendring
Det regulerte området er vist med avgrensing på plankart merka planID 1511 200901 datert 20.05.2014	Det regulerte området er vist med avgrensing på plankart merka planID xxxxxxx, datert 10.05.2022

§ 2 FORMÅL

Opphavelg plan	Planendring	Felt- kode
Intensjonen med reguleringa er trafikktrygging gjennom kombinert gang – og sykkelveg og tilkomstveg på Tunheim i Vanylven, med kollektivhaldeplassar langs fylkesvegen. Breiddeutviding av fylkesvegen til vegnormal er også ein del av planen.	Uendra.	
<i>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</i>	<i>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</i>	
Køyreveg, kombinert	Køyreveg	o_SKV
	Kombinert formål samferdselsanlegg/teknisk infrastrukturtrasé	o_SKF
Gang – og sykkelveg	Gang-/sykkelveg	o_SGS
Annan veggrunn	Annan veggrunn – teknisk anlegg	o_SVT
	Annan veggrunn - grøntareal	o_SVG
Privat veg	Veg	FSV
Kollektivhaldeplass, leskur	Kollektivhaldeplass	o_SKH
	Leskur	o_SP

	Parkering	o_SPA
-	<i>Landbruks-, natur – og friluftsføremål</i>	
-	Jordbruk	LL
<i>Omsynssoner</i>	<i>Omsynssoner</i>	
Frisikt	Frisikt	H140
-	Bandlegging etter lov om kulturminne	H730
Andre juridiske flater	-	
Område for føresegn, kulturminne	-	

§3 FELLES

Opphavelig plan	Planendring
<p>Desse føresegnene gjeld for området som er avgrensa i plankartet. Innanfor desse grensene skal arealet utnyttast slik som planen med plankart og føresegner fastset. Når det ligg føre vektige grunnar kan kommunen ved planmynde gjere endringar i planen, under føresetnad av at plan – og bygningslova vert fylgt.</p> <p>Før bygging av gang – og sykkelveg skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna id150761 og 150763, som er merka som område #1 og #2 i plankartet. Før utviding av fylkesvegen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna id 150764 og 170083, som er merka som område #3 og #4 i plankartet. Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.</p>	<p>3.1</p> <p>Desse føresegnene gjeld for området som er avgrensa i plankartet. Innanfor desse grensene skal arealet utnyttast slik som planen med plankart og føresegner fastset. Når det ligg føre vektige grunnar kan kommunen ved planmynde gjere endringar i planen, under føresetnad av at plan – og bygningslova vert fylgt.</p>

Opphavelig plan	Planendring	
§ 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. 12-5 nr.2)		
<p>§ 4.1 Køyreveg</p> <p>Området skal nyttast til offentleg køyreveg og private avkøyrslar. Private avkøyrslar og driftsavkøyrslar i plankartet kan justerast i samråd med aktuell vegmynde og grunneigarar</p>	<p>§ 4.1 Køyreveg</p> <p>Området skal nyttast til offentleg køyreveg.</p>	o_SKV
	<p>§ 4.2 Kombinert føremål</p> <p>Samferdselsanlegg/teknisk infrastrukturtrasé</p> <p>Området skal nyttast til offentleg gang – og sykkelveg i kombinasjon</p>	o_SKF

	med felles tilkomst for dei eigedomane som soknar til vegen.	
§ 4.2 Gang – og sykkelveg/Køyreveg kombinert Området skal nyttast til offentleg gang – og sykkelveg, i kombinasjon med felles tilkomst for eigedomane i området.	§ 4.3 Gang – og sykkelveg Området skal nyttast til offentleg gang – og sykkelveg.	o_SVG
§ 4.3 Kollektivanlegg Området skal nyttast til busslomme, ventereal og leskur. Langs busslomma skal det vere plattform og høg kantstein, med universell utforming	§ 4.4 Kollektivanlegg Området skal nyttast til universelt utforma busslomme	o_SKH
	§ 4.5 Kollektivanlegg Området skal nyttast til plassering av leskur.	o_SP
	§ 4.6 Veg Området skal nyttast til køyring til og frå eigedommane.	FSV
§ 4.5 Anna veggrunn, grøntanlegg Området skal nyttast til vegskjeringar, forstøttingsmur, grøfter og anna nødvendig vegareal. Dersom grunneigar ønskjer det, eller terrenget tilseier det, skal forstøttingsmurar settast opp i tillegg eller i staden for vegskråning	§ 4.7 Arealet skal inngå i vegens eiendomsområde bevarast grønt.	o_SVG1
	§ 4.8 Annan veggrunn – teknisk anlegg Området skal nyttast til avkøyrslar eller terrengetilpassing som t.d. vegskråning/-skjering, støttemur, grøfter og anna nødvendig vegareal. Private avkøyrslar og driftsavkøyrslar i plankartet kan justerast i samråd med aktuell vegmynde og grunneigarar	o_SVT
	§ 4.9 Parkering Området skal nyttast til offentleg turparkering.	o_SPA
Formålsgranse for samferdselsanlegg kan avvikast med inntil 2 meter ved gjennomføring	§ 4.10 Uendra	

§ 5 Landbruks-natur – og friluftsføremål og reindrift (pbl. §12-5, nr.5)		
-	§ 5.1 Landbruk Formål henta frå kommuneplanen.	LL
§ 6 Omsynssoner (pbl. § 12-6)		
Frisikt: Innanfor området skal det ikkje vere sikthindrande gjenstandar eller vegetasjon som er høgare enn 0,5 meter over tilstøytane køyrebane sitt plan	§ 6.1 Uendra.	H140
-	§ 6.2 Bandlegging etter lov om kulturminne: Før bygging av gang – og sykkelveg skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna H730_1 og H730_2. Før utviding av fylkesvegen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna H730_3 og H730-4. Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune si kulturavdeling i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.	H730

§ 7 Områdevedtekter (pbl.12-7 nr.1)		
-	<p data-bbox="767 264 1117 297">§7.1 Anleggs- og riggområde</p> <p data-bbox="767 338 1197 405">Formålet er synt på plankartet med skravur og nummerert med #1.</p> <p data-bbox="767 445 1212 725">«Mellombels anleggsbelte – og riggområde» opphører når kommunen har fått skriftleg melding om at anlegget eller deler av det er ferdigstilt. Kommunen kan deretter gjere vedtak om opphør av mellombels føresegn, jf. Pbl. §12-7, 1.lekk nr. 10.</p> <p data-bbox="767 766 1197 1294">Mellombels anleggs – og riggområde kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av tiltaket. Dette inkluderer også mellomlagring og permanent lagring av massar i samband med fyllingar og skjeringar, parkering av anleggsmaskiner og terrengtilpassing av sideterreng. Etter avslutta anleggsfase opphører omsynssonen og området skal ryddast, istandsettast og tilbakeførast til det føremålet som er angitt i planen.</p>	#



Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
Web: mrfylke.no